



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Brooke Wilkerson, 5557 2323

Vår dato  
09.02.2018  
Dykkar dato  
17.01.2018

Vår referanse  
2018/943 421.3  
Dykkar referanse

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

### Uttale - Lindås - Gnr 88 bnr 13 - Etablering av kai - Dispensasjon

Fylkesmannen syner til brev dagsett 17.01.2018 med uttalefrist 14.02.2018. Saka gjeld søknad om etablering av kai med 11,5 m lengde og 4,5 m bredde og BYA 36 m<sup>2</sup> i tilknytning til etablert naust. Tiltaket krev dispensasjon frå arealføremåla LNF (på land) og bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsona (i sjø) i kommunedelplanen (KDP) for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden 2011-2023 og frå byggjeforbodet i 100-metersbeltet langs sjø, jf. pbl. § 1-8.

Det er eit nasjonalt mål at strandsona skal bevarast som natur- og friluftsområde tilgjengeleg for alle. Regjeringa ønskjer ein strengare og langsiktig strandsoneforvaltning. Det er difor naudsynt med ein streng praksis ved handsaming av dispensasjonar i 100-metersbeltet langs sjøen. Forbodet i pbl. § 1-8 mot bygging i 100-metersbeltet langs sjøen er tungtvegande. Det skal svært mykje til før dispensasjon kan gjevast til bygging i strandsona.

Eigedommen ligger innanfor Lindåspollane-Lygra *svært viktig regionalt friluftsområde* med verdi A. Dette er område der det ikkje bør skje inngrep eller utbygging, jf. *Område for friluftsliv, kartlegging og verdsetting av regionalt viktige område i Hordaland, 2008.*

Ein kai er eit privatiserande tiltak som kan forringe området sine friluftskvaliteter. Omsyn til allmenne interesser i strandsona veg tungt, jf. pbl. § 1-8. Fylkesmannen rår difor i frå at det vert gjeve dispensasjon for etablering av kai.

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom regional eller statleg styresmakt har uttalt seg negativt til søknaden, jf. pbl. § 19-2 fjerde ledd. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen for klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge  
fagdirektør

Brooke Wilkerson  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

